Respondent

29 Anonym

14:40

Tid til å fullføre

## Deres kontaktinformasjon

1. Navn på virksomheten *

Noregs Ungdomslag

2. Organisasjonsnummeret til deres virksomhet

939550550

3. Kontaktperson i virksomheten *

Kai Roger Vatne

4. Epostadresse til kontaktperson i virksomheten *

kai.roger@ungdomslag.no

## Kapittel 1 - Generelle bestemmelser

5. §1-1 Formål

Noregs Ungdomslag støttar dei endringar og tillegg som er gjort i dette kapittelet.

6. §1-2 Tilskuddsformer

Noregs Ungdomslag støttar dei endringar og tillegg som er gjort i dette kapittelet.

7. §1-3 Kriterier for måloppnåelse

Noregs Ungdomslag støttar dei endringar og tillegg som er gjort i dette kapittelet.

8. §1-4 Opplysningsplikt

Noregs Ungdomslag støttar dei endringar og tillegg som er gjort i dette kapittelet.

9. §1-5 Dispensasjon

Noregs Ungdomslag støttar dei endringar og tillegg som er gjort i dette kapittelet.

## Kapittel 2 - Definisjoner

10. §2-1 Tellende medlem

Noregs Ungdomslag har ingen innvendingar til forslaget.

11. §2-2 Medlem

Noregs Ungdomslag støttar denne endringa og meiner at dette er ei god forenkling. Vi vil likevel støtte LNU sin merknad om at såkalte støttemedlemmar, som betalar faste

pengegåver til ein organisasjon, men ikkje har demokratiske rettar, ikkje bør regnast som medlemmar etter definisjonen.

12. §2-3 Kontingent

Noregs Ungdomslag har ingen innvendingar til forslaget, og ser på endringane som uproblematiske og forenklande for organisasjonane.

13. §2-4 Tellende lokallag

Noregs Ungdomslag har ingen innvendingar til forslaget, og ser på endringane som uproblematiske og forenklande for organisasjonane.

14. §2-5 Årsrapport

Noregs Ungdomslag har ingen innvendingar til forslaget, og ser på endringane som uproblematiske og forenklande for organisasjonane.

15. §2-6 Definisjoner og krav vedrørende kurs

Noregs Ungdomslag vil støtte LNU sitt innspel til § 2-6 Kurs som dei har spelt inn i høyringa. Fram til fjerninga av kurskriteriet sendast på høring støttar Noregs Ungdomslag forslaga om å forenkle dokumentasjonskravet i tråd med Bufdirs forslag, inkludert forslaget til ny definisjon av kurs.

16. §2-7 Sentralstyrets sammensetning

Noregs Ungdomslag har ingen innvendingar til forslaget, og ser på endringane som uproblematiske og forenklande for organisasjonane.

17. §2-8 Andre definisjoner

Noregs Ungdomslag har ingen innvendingar til forslaget, og ser på endringane som uproblematiske og forenklande for organisasjonane.

## Kapittel 3 - Dokumentasjon

18. §3-1 Generelt om dokumentasjon

Noregs Ungdomslag har ingen innvendingar til forslaget.

19. §3-2 Dokumentasjon av medlemstall

Noregs Ungdomslag har ingen innvendingar til forslaget.

20. §3-3 Dokumentasjon av tellende lokallag

Noregs Ungdomslag har ingen innvendingar til forslaget.

21. §3-4 Dokumentasjon av kurs

Noregs Ungdomslag har ingen innvendingar til forslaget.

22. §3-5 Dokumentasjon av sentralstyrets sammensetning

Noregs Ungdomslag har ingen innvendingar til forslaget.

23. §3-6 Dokumentasjon av internasjonale aktiviteter

Noregs Ungdomslag har ingen innvendingar til forslaget.

## Kapittel 4 - Inngangskriterier for nasjonal grunnstøtte

### 24. §4-1 Kriterier en søker må oppfylle for å kunne få tilskudd

Bokstav m: Noregs Ungdomslag er kritisk til tillegget i bokstav m. for organisasjonar med mindre enn 50% teljande medlemmar. Då dette vil føre til eit unormalt skilje i organisasjonen der mykje av aktiviteten skjer på tvers av aldersgrupper. For organisasjonar med mindre enn 50% teljande medlemmar er det viktig å synleggjere all barne og ungdomsaktivitet i en felles årsmelding for å vise kor viktig dette er for organisasjonen og den utvikling. Vi er einige i at det er viktig å synleggjere og beskrive aktiviteten for barn og unge i organisasjonen, men vi meiner at dette kan gjerast på ein god måte utan å trekkje dette ut i ei eiga årsmelding. Når det kjem til kravet til eige rekneskap vil dette også vere krevjande for ein organisasjon som har fokus på barne og ungdomsaktivitet innan for ein generasjonsorganisasjon, der mykje av aktiviteten skjer på tvers av generasjonar, og har eit fokus på immateriell kulturarv der overføring av kompetanse på tvers av generasjonar er viktig. Dette vil igjen vere unaturleg for ein organisasjon å gjere, då mykje av aktiviteten skjer felles. Vi meiner at det rekneskapet vi har i dag viser veldig tydeleg den aktiviteten som skjer berre for barn og unge, og at ein i kommentarar og notar til rekneskapen kan beskrive betre kva som ligg innan for dei enkelte aktivitetane. Vi meiner derfor at ein heller må sette inn at barne og ungdomsaktiviteten skal ha eit eige kapittel i årsmeldinga, og at rekneskapen til organisasjonen må synleggjere kva som blir brukt til barne og ungdomsaktivitet. Elles støtter vi dei endringane som er foreslått i inngangskrava.

### 25. §4-2 Størrelsen på organisasjoner som kan få tilskudd

Noregs Ungdomslag er kritisk til endringa i denne paragrafen, då vi er redd for at dette kan føre til ei utvikling der organisasjonar blir meir regionalt tilknytt enn landsdekkande, då dette er ei støtteordning til nasjonale barne og ungdomsorganisasjonar. Vi meiner derfor at ein bør halde på definisjonen på større og mindre organisasjonar, og då meiner vi at ein større organisasjon må ha medlemmar i meir enn 3 fylker, og at 5 fylker er eit godt tal. Men vi kan støtte at ein endrar kravet til tal medlemmar, og at 500 medlemmar då kan vere eit godt tal for ein større landsdekkande organisasjon. For dei mindre organisasjonane meiner vi at krava er riktige slik dei er i dag. Men om ein vil ha ei forenkling av tal fylker ein må vere representert i vil kanskje LNU sitt forslag med tilstedeværelse i meir enn ein landsdel vere eit godt forslag.

### 26. §4-3 Organisasjoner som ikke kan få tilskudd

Noregs Ungdomslag har ingen innvendingar til forslaget.

## Kapittel 5 - Utmålingskriterier for nasjonal grunnstøtte

### 27. §5-1 Innholdet i nasjonal grunnstøtte

Noregs Ungdomslag har ingen innvendingar til forslaget.

### 28. §5-2 Basistilskuddets størrelse

Noregs Ungdomslag har ingen innvendingar til forslaget.

### 29. §5-3 Vekting og poengberegning for variable utmålingskriterier

Vi har ingen endringar til punkta under avsnittet «Grunnpoeng beregnes på bakgrunn av:». Men under avsnittet «Bonuspoeng beregnes på bakgrunn av» meiner vi som organisasjon at desse punkta har for stor utteljing og at det hindrar organisasjonar som har eit fokus på immateriell kulturarv og læring på tvers av generasjonar og drive gode demokratiske aktivitetar for barn og unge. Noregs Ungdomslag er ein generasjonsorganisasjon der ungdom har ein viktig og demokratisk rolle frå fylte 14 år. Vi meiner at den læringa barn og ungdom får gjennom å ha tillitsverv/styreverv i ein generasjonsorganisasjon der ein saman med personar i alle aldrar skal drive organisasjonsleddet er svært viktig, og er med på og bygge ein som person. Vi meiner at dette har ein like stor verdi som den læringa ein får i reine ungdomsorganisasjonar, om ikkje større. I Noregs Ungdomslag kan ein person bli tillitsvalt i alle organisasjonsledd frå fylte 14 år. Ein kan då sitte i eit styre med personar i alle aldrar og kompetansenivå, noko som gir svært stor læring. Når vi snakkar med våre barn og unge føler dei at ikkje deira aktivitet blir like mykje verdsatt som aktivitetar i reine barne og ungdomsorganisasjonar, spesielt når dei ser verdien av å vere i ein generasjonsorganisasjon, og vil vere i ein slik organisasjon. I utgangspunktet meiner vi som organisasjon at 50% regelen for tal medlemmar i organisasjonen og i sentralstyret burde våre lågare, og at dette talet burde ligge på 35%. Men om dette ikkje er mogleg meiner vi at bonuspoenga burde hatt ei lågare utteljing. Her burde ein ha endra talet i punkt b. til 10% av grunnpoenga, c. Til 30% av grunnpoenga og d. til 10% av grunnpoenga. Dette vil gjere at alle barne og ungdomsorganisasjonane, også generasjonsorganisasjonar, vil få tildelt eit større beløp som grunnpoeng før ein får tildeling for bonuspoenga. Vi meiner dette vil vere ein riktig vei å gå då det arbeidet vi som generasjonsorganisasjon gjer for barn og ungdom er svært viktig, spesielt for den immaterielle kulturarven, der mykje av opplæringa skjer på tvers av generasjonar. Vi støtter elles LNU sin endring i avsnittet «Bonuspoeng beregnes på

bakgrunn av» bokstav a der ein slår fast at forskrifta baserer seg på ein tokjønnsmodell. For organisasjonar som har sentralstyremedlemmar som ikkje definerer seg som mann eller kvinne kan ein slik tokjønnsmodell framstille det som om dei har eit svakare likestillingsgrunnlag, når dei i realiteten har eit viktig mangfald. LNU meiner bokstaven bør endrast frå «Minimum 40 % av kvart kjønn i sentralstyret = 10 % av grunnpoenga.» til «Maksimum 60 % av eit kjønn i sentralstyret = 10 % av grunnpoenga.», som vi støttar.

## Kapittel 6 - Uttrappingstilskudd

### 30. §6-1 Uttrappingstilskudd

Noregs Ungdomslag har ingen innvendingar til forslaget.

### 31. §6-2 Utmåling av uttrappingstilskudd

Noregs Ungdomslag har ingen innvendingar til forslaget.

## Kapittel 7 - Internasjonal grunnstøtte

### 32. §7-1 Hvem som kan gis grunnstøtte til internasjonalt arbeid

Noregs Ungdomslag har ingen innvendingar til forslaget.

### 33. §7-2 Poenggivende aktiviteter

Noregs Ungdomslag har ingen innvendingar til forslaget.

### 34. §7-3 Vekting og poengberegning

Noregs Ungdomslag har ingen innvendingar til forslaget.

## Kapittel 8 - Krav til søknad og revisjon

35. §8-1 Søknad

36. §8-2 Retting og avvisning av søknad

37. §8-3 Revisjon av årsregnskap

## Kapittel 9 - Utbetaling og klage

38. §9-1 Utbetaling

39. §9-2 Tilskuddsmottaker

40. §9-3 Hva tilskuddet skal brukes til

41. §9-4 Tilskuddsbrev

42. §9-5 Mulighet til å klage

## Kapittel 10 - Kontroll og sanksjoner ved brudd på regelverket

43. §10-1 Kontroll

44. §10-2 Sanksjoner ved brudd på forskriften

## Kapittel 11 - Tilskuddsmyndighetene

45. §11-1 Departementet

46. §11-2 Fordelingsutvalget

## Kapittel 12 - Ikrafttredelse

47. §12-1 Ikrafttredelse

## Annet

48. Eventuelle andre kommentarer

*Vennligst ikke skriv noe i dette feltet som du kan skrive i feltene ovenfor.*

Noregs Ungdomslag har elles ingen merknadar.